

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 4

DESEMBER 2021

79. ÅRGANG



*God jul*



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJESKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Rusken (frå januar 2022)

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Kari Skullerud Holsen og

Toril Øye (Førde og Jølster)

Kyrkjeverje: Inger Hageberg Øvrebø

Ass. kyrkjeverje:

Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson og

Miguel Espinoza Chavez

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJESKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle og Leonard Subrescu

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard

Subrescu (Førde og Naustdal) og

Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

## Nytt frå redaksjonen

Endeleg kan vi samlast! Det var stor lette og ei merkeleg kjensle då stengslene på anankvar kyrkjebank vart fjerna, og vi kunne sitte tettare saman i kyrkja. No, når vi går inn i tida med kyrkjekonsertar og julegudstenester, kan vi glede oss over å samlast utan restriksjonar. Men vi må ikkje gløyme å ta omsyn.

Til dette nummeret av Helg og Heim hadde vi planlagt intervju med 100-åringen Inge Eiksund som har prega kristenlivet i Naustdal i ein mannsalder. Grunna sjukdom kunne dessverre ikkje intervjuet gjennomførast i tide, men vi håper det går i orden til neste nummer. Vi hadde lyst til å la både den eldste generasjonen og unge komme til orde i dette nummeret. Men ungdomar skal lesarane få møte, ungdom som trivst med å delta og ta på seg oppgåver i tensingokoret Deciding, og i kyrkja.

Det hender vi får spørsmål om vi kan ha bilde av alle konfirmantane i bladet. Med over 20 konfirmasjonsgudstenester i haust, seier det seg sjølv at vi ikkje har plass til det. Men 50-års konfirmantjubilantar har vi gitt plass til i bladet. Mange set pris på at denne tradisjonen held fram, og jubilantane legg arbeid i å samle flest mogleg, både i kyrkja og med eiga festarrangement.

Aviser og media gir lite spalteplass til det som skjer i kyrkja. Gjennom Helg og Heim ynskjer vi å synleggjere tru, engasjement og frivillig kyrkjeleg arbeid. Vi håper bladet gir lyst til å vere med; som lyttar, gudsteneste-deltakar, eller som frivillig medarbeidar i kyrkja.

I advent og julehøgtida er alle velkomne i kyrkja, til mange flotte konsertar og julegudstenester.

*Velsigna advents- og juletid!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

#### Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

## Hugs bladpengar!

**Frivillig bladkontingent  
kr. 290,-**

**Bankkonto:  
3705.15.33896**

Merk innbetaling  
med «Helg og Heim».

**VIPPS:**  
Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

### Utgjevingsplan 2022 – det kan komme endringar

Nr. 1.	Nr. 2.	Nr. 3.	Nr. 4.
Stofffrist:	Stofffrist:	Stofffrist:	Stofffrist:
Onsdag 23.02.	Onsdag 06.04.	Onsdag 17.08.	Onsdag 19.10.
I posten veke 13	I posten veke 21	I posten veke 38	I posten veke 47



**Framsidede:** Julespel i Naustdal kyrkje 2020. Sittande framme: Hanne Solsvik, Caroline Snildal. Bak frå venstre: Alise Storhaug Klopstad, Lotta Slettehaug, Emily Jensen Fauske, Emilie Nesbø, Linnea Solhaug Vie Hansen. Foto: Jenny Ødven Snildal.

**Bilde på siste side:** «Sunnfjordkatedralen», Naustdal kyrkje ein vinterkveld. Foto: Leonard Subrescu.

## ANDAKT

Ved HALVOR NORDHAUG, biskop i Bjørgvin

# Ei kroppsleg jul



Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kan-  
tar. Dersom vi ville samlast i kyr-  
kja, kunne vi berre møtast veldig  
få. Nokon trassa vêt og vind og  
heldt gudstenesta utandørs, men  
dei fleste heldt seg nok heime.

Eg håpar vi ikkje får oppleva slike  
tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi  
må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvaran-  
dre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein  
skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul  
handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt  
i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til  
fingerspissane – og samtidig noko så uvan-  
leg som ein halv meter Gud, lagt på strå og  
utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds  
Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpe-  
laus og hjelpetrengjande. Slik vi alle kom  
inn i verda, og var avhengige av å bli tekne  
imot på ein god måte.



Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gute-kropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det

er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er ko-  
men til oss. Og om trua vår er svak, og det  
er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt  
og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på. Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêt trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og vel-  
signa jul!

*Halvor Nordbaug  
Biskop i Bjørgvin*



## Julekveld 2021 Velkomen til julefeiring på Førde Kyrkjetun!



Kyrkjetunet blir vakkart pynta på julafta.

Vi inviterer til julefeiring for 15. gang på Førde kyrkjetun!

Hit kjem folk med ulike bakgrunn og juletradisjonar, og her møtest vi og feirar jul saman i eit flott fellesskap. **Arrangementet er ope for alle.**

Om du er åleine eller med familie, så er alle velkomne til å vere med på denne kvelden. Det vert servert tradisjonell norsk julemat og vi syng kjende julesongar.

Julefeiringa startar klokka 17.00 og sluttar omlag kl 20.00.

### Prisar:

Vaksne: 100,- per person

Familiepris: 50,- for borna per familie

Døme: 2 vaksne + 3 born i same familie: 250,-

### Vipps til: 622872 Merk «Julafta 2021»

Påmelding med namn, telefonnummer og alder på born **innan 17. desember** til:

Friskliv- og frivilligsenteret: Telefon 47688025 eller E-post: frisklivogfrivillig@sunnfjord.kommune.no

### Frivillig på julaftan?

*Kvar julaftan sidan 2007 har det vore mogleg å feire jul på Førde kyrkjetun. Fleire har gjort det til sin faste juletradisjon.*

Mange frivillige er med og serverer, har programinnslag eller vaskar opp. Fleire frivillige har vore med i mange år. Nokre vekslar annakvart år mellom å vere med familie og vere frivillig på kyrkjetunet. Har DU lyst til å vere frivillig i år? Kontakt Ingvar Vagstad tlf. 911 38 732, eller Førde kyrkjekontor tlf. 57 82 81 80.

Julefeiringa er i regi av Den Norske Kyrkja og Friskliv og frivilligsenteret i Sunnfjord kommune.

Arrangementet tek atterhald om eventuelle endringar i smittevernsreglane.

## Førde Kyrkjetun treng dugnadsfolk

I over 20 år har ei gruppe menn stått for det meste av førefallande «vaktmesterarbeid» på Førde Kyrkjetun. Mange har vore med heilt frå starten. Få nye har komme til slik at snittalderen har auka med vel 11 månader i året. Vi treng fornying i staben!

Vi har for det meste vore 12 personar i gruppa. To av oss har «vakt» saman ei veke om gongen og samarbeider om oppgåvene kvar sjette veke. Det dreier seg for det meste om

å sette opp bord og stolar til ulike arrangement, skifte luspærer o.l. Det kan vere frå eit til 3-4 oppdrag i løpet av veka. Passar det ikkje kan ein byte veke med andre. Av og til går vi saman om å male ein vegg eller eit rom. Vi har robot som slår graset, men litt utarbeid vert det med kantslått og å halde uteområdet presentabelt. Det meste kan gjerast på kveldstid, så ein treng ikkje vere pensjonist for å vere med. Kvinner kan sjølvsagt vere med! Ein treng ikkje vere ivrig kyrkjegjengar, her er plass for alle!

Vi treng óg fleire, menn eller kvinner, til å servere på arrangement og til ulike oppgåver på kjøkkenet.

Ein gong i året arrangerer Førde, Holsen og Haukedalen kyrkjelydar fest for dugnadsarbeidarar på ulike felt, då kan vi vere godt over 50 samla. Du finn meir om oss på [www.kyrkja.no/forde](http://www.kyrkja.no/forde).

Kan du tenke deg å vere med, - eller syns du ektefellen din kan ha godt av å komme seg ut litt, kan du ta kontakt med Kjell Haaland på tlf. 959 04 447, eller Kyrkjetunet tlf. 991 51 307.

*Kjell Haaland,  
styreleiar Førde kyrkjetun*



Anita Øvreås Rusken frå Bygstad er tilsett som diakon, og tar til i stillinga 1. januar.

## Nytt om tilsette

**Anita Øvreås Rusken** frå Bygstad er tilsett som diakon, og tar til i stillinga 1. januar. Ho er utdanna sosionom, diakon og lærar, og har tidlegare jobba som diakon i Gaular. Dei siste åra har ho jobba som lærar.

Kyrkjeseekretær **Kari Skullerud Holsen** går av med alderspensjon til nyttår. Dei fleste som har kontakta Førde kyrkjekontor har møtt Kari i luka eller på telefonen. Ho har halde styr på mykje på kontoret sidan ho blei tilsett i 2000.

Stillinga er lyst ut internt, og ny person er på plass litt ut på nyåret.

Kantor **Asbjørn Flåm** står ikkje lenger på oversikta over tilsette på side 2, og grunnen er at han no er kantor i Gaular.

Takk for innsatsen til Kari, og velkommen til Anita!

*Trond Herlø Sund  
assisterande kyrkjevevjerje*

## Vi treng hjelp

For å kunne skifte det grønne teppet som ligg i midtgang i Førde kyrkje treng vi di hjelp.

Dette teppet er no 26 år og svært slitt. Kostnaden med nytt teppe er kr. 131 000,- som betyr at det kostar 4 800 per meter. Soknet må sjølv samle inn desse pengane. Dagens teppe var ei gåve frå Kyrkjeringen i Førde, og i 1995 hadde det ein kostnad på 31 000,-. Når kyrkja no får eit løft på andre område, ynskjer vi og at teppet i midtgangen skal sjå fint ut. Det nye teppet vil få same utsjånad som det gamle, men sjølv sagt vere litt reinare i fargen enn det som har lagt der i 26 år.

Du kan gje di gåve til konto **3705.15.33896** eller **VIPPS 657 021** Førde sokn - innsamlingar. Merk innbetalinga «Teppe i kyrkja». Dersom du ynskjer gåva innmeldt til skattekontoret for å få frådrag, må du skrive melding om det i innbetalinga, som då må vere minimum kr. 500. Ved innbetaling via Vipps må gåva vere minst på kr. 510 for å få fråtrekk.

*Bjørn Harald Haugsvær,  
leiar i Førde sokneråd*



Soknerådsleiar Bjørn Harald Haugsvær viser fram prove på nytt teppe til midtgangen i Førde kyrkje. Foto: Hanne Schmitler

# Det Norske Misjonsselskap sitt misjonsarbeid i Mali

I september var NMS-misjonær Frode Brügger Sætre på Vassenden kyrkjesenter der han fortalte om arbeidet til NMS i Mali og om den spendte situasjonen i landet. I etterkant har han sendt denne artikkelen til Helg og Heim.

Tekst: FRODE BRÜGGER SÆTRE, NMS



Illustrasjonsfoto: Fulanier samla til undervisning. Foto: Sigurd Egeland

På grunn av myke uro i Mali det siste året, har NMS fått spørsmål om misjonsarbeidet held fram som før eller ikkje. Her er ei kort oppdatering.

**MELM**, misjonsorganisasjonen som NMS er partner i i Mali, har for tida fem misjonæreinngar/familiar i landet: Ein familie frå Nigeria, to familiar frå Kamerun, ein familie frå Benin og ein mann frå Kamerun som og er direktør for MELM. Misjonærfamiliane jobbar med evangelisering og undervisning av kristne. Dei fire familiane frå Kamerun og Benin er støtta av NMS. Alle jobbar med fulanier, ei av folkegruppene i Mali.

To **kyrkjelydar** som MELM har starta, er relativt sjølvgåande i det daglege. Dei møtest fast til gudsteneste og bøn på sine heimstadar i Sentral-Mali. Dei kristne fulaniane lever i ein farleg situasjon der dei er under press frå militante islamistar på den eine sida, og etniske militærar som er fiendtlige mot alle fulanier på den andre sida. Dei kristne treng vår forbøn i ein farleg og vanskeleg situasjon.

**Landsbyutviklingsprosjektet** som jobbar mot omskjering av jenter har måtta tilpassa arbeidet sitt på grunn av mykje uro. Ar-



NMS-misjonær Frode Brügger Sætre informerer om arbeidet i Mali på Vassenden kyrkjesenter. Foto: Hanne Schmitler.

beidet heldt likevel fram. Ei evaluering gjort av eksterne ekspertar i januar 2021, viser at MELM sitt prosjekt er det prosjektet i landet som oppnår best resultat når det gjeld å redusera omfanget av omskjering i sine områder. Prosjektet er no inne i sin andre fase, og 13 landsbyar har skrivne under på at dei vil slutta med omskjering av jenter. Arbeidarane i prosjektet møter motstand og truslar frå enkelte grupper, og er takksame for forbøn.

**Krisehjelp:** I tillegg til landsbyutviklingsprosjektet hjelper MELM også med krisehjelp til interne flyktingar. I slutten av august var MELM sin direktør med

på matvareutdeling til flyktingar som har rømt frå uroa på landsbygda og inn til dei større byane i Sentral-Mali.

**Bibeldomsetjing:** NMS-misjonær Anne Lise Matre og ein lokal bibeldomsetjar tok i august opp att arbeidet med å omsetja Det Gamle Testamentet. Dei har som mål å publisera dei fem mosebøkene i løpet av våren 2022. Det vil bli eit viktig bidrag til den framveksande kyrkja sitt liv og utvikling. Misjonen gjev no den lokale omsetjaren ansvar for å leia omsetjingsarbeidet, og Anne Lise får ei rolle i å støtta og utrusta han som ekseget, omsetjar og leiar.

**Radioarbeid:** MELM har dreve radioarbeid i mange år, og held fram med det. Kvar veke produserer ein kristne program som vert sendt på rundt 30 lokalradioar rundt om kring i Mali.

**NMS-misjonær Frode Brügger Sætre** er for tida i Noreg, men reiser ut att i haust dersom sikkerheitssituasjonen tillèt det. Medan han er i Noreg jobbar han med å sjå over omsetjinga og lesa korrektur på boka «The Way of Righteousness» av Paul D. Bramsen. Boka er ein over 700 sider lang muslimvenleg gjennomgang av bibelen som MELM ønskjer å gjeva ut på Maasina-fulani.

Misjonsarbeidet til NMS i Mali held altså fram, på trass av vanskar knytt til sikkerheitssituasjonen. I haust skal dei to norske og dei fem afrikanske partnerane i MELM møtast for å ta viktige avgjerder når det gjeld arbeidet. Styreleiar er Erik Bischler frå NMS, og han vil ha ei viktig rolle både i forkant og under møtet. Ver gjerne med å be for førebuingane og gjennomføringa av møtet.

*Det er jamnleg ofring i kyrkjene våre til dette arbeidet. Du kan òg gi støtte og lese meir om prosjekta i Mali på nettsida nms.no.*

# Ungdom gjer jobben!

Førde kyrkje har i fleire år tilsett ungdomar i deltidstillingar.

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

Det er søndag 17. oktober, koronarestriksjonane er oppheva, konfirmasjonsåret 21/22 har tatt til, og det strøymer folk til Førde kyrkje. Fram til lesepulten kjem Ingrid Sofie Flaten.

– Velkommen til kyrkje på siste søndagen i haustferien! Smilande og med stø stemme fortel ho om kva som skal skje på gudstenesta. Gjennom gudstenesta les ho teksten, samlingsbøna og kunngjeringane, og hjelper til under nattverden. Etter gudstenesta må ho ta seg av konfirmantane som skal ha

stempel i boka, hente offerskåla ved utgangen, og ha ein prat med presten.

– Dette gjekk jo fint, sjølv om vi måtte improvisere litt, seier Carsten Langeland som er prest denne dagen.

– Eg er både klokkar og kyrkjetenar, etter kva som trengst, seier ho.

– Når eg er kyrkjetenar gjer eg det som ikkje er så synleg: Låser opp, set fram alt som skal brukast i gudstenesta, og styrer lys og lyd. Når eg er klokkar må eg stå framme og vere med under liturgien. Eg likar begge deler.

– *Kva tenkjer du det betyr for kyrkja å ha ungdomar i desse stillingane?*

– Eg tenkjer det er viktig særleg for konfirmantane å sjå at unge jobbar i kyrkja. Og når folk spør om eg har jobb, og eg



Inger Sofie Flaten har lest mange tekstar ved lesepulten.

svarar at eg jobbar i kyrkja, blir dei forundra og seier «Går det an?»

Ingrid Sofie er ein av fleire ungdomar som er tilsett på årskontrakt i Førde kyrkje. Ein annan søndag er det Margrethe Fauske som er kyrkjetenar, og Jarand Fitje styrer lyd og lys ved miksepulten bak i kyrkja. Jarand er nesten å rekne for veteran, det er tredje året hans som kyrkjeleg tilsett. Margrethe har vore tilsett i eit halvt år.

– Eg kvir meg ikkje for å stå framme og lese tekst for full kyrkje, seier ho. Jarand fortel at han fekk grundig opplæring av forgjengaren i jobben.

– Det er ikkje så vanskeleg å styre lyden under gudstenesta. Når det er konsert, er det meir ein må passe på, fortel han.

Dei tre får god kjennskap til kva som krevst for å gjennomføre ei gudsteneste. I tillegg får dei erfaring som nok kjem godt med seinare i livet.



Jarand Fitje og Margrethe Fauske er kyrkjetenar og klokkar.



Når nye blir med, må ein ha bli-kjend-leik.

# Deciding – eit særst levande

Kvar tysdag er det fullt av liv på Førde kyrkjetun. Det er ungdomane i tensingkoret Deciding som møtast. No vil vi ta lesarane med inn i miljøet.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

## Eit myldrande liv

Eg tek turen til Førde kyrkjetun ein tysdagskveld for å vere med Deciding på øving. Det er berre å følgje lyden av trommeslag lengst inn i gangen, så finn eg bandgruppa på øverommet. Emily ved trommesettet, Ailin ved tangentane og Sindre-Thomas som spring imellom dei.

– Høyr på dette, 1-2-3-4

– Kom inn på rette slaget! Nei, vent, legg inn ei lita pause der... Nytt forsøk.

– Æsj, det går heilt i surr, seier Emily. Bandgruppa strevar med å få til rytmen til Sigrid sin song «Mirror».

– Du filmar vel ikkje?

– Neida, eg tek berre bilde.

I ungdomslokalet tek vaksenleiar Gry Sætre tek imot ungdomane etterkvart som dei kjem:

– De treng ikkje skrive dykk på namnelista lenger, koronarestriksjonane er jo oppheva! Dei gjer det likevel, av vane.

– Oppvarming! Emily kallar inn til pusteøvingar, regler og song. Her skal songstemma bli god: «I do believe there's a Heaven up there!» – om og om igjen, høgare og høgare, til stemmebanda blir klare.

## Leikar og øving

– Attention! Elisabeth ropar høgt; alle kjem og set seg i ring. Ho har viktig informasjon

til heile gruppa: Om hausttreff, songar dei skal øve inn, kven som vil vere solist eller ha andre oppgåver.

Denne dagen startar dei med presentasjonsrunde, sidan det er to nye med: Ein ball blir sendt rundt, mottakaren seier namn, klasse og kva farge dei har på tannbørsten. Ja, kvifor ikkje? Eit par leikar er det òg tid til før øvinga tek til.

Bandet forsvinn, og Elisabeth introduserer songen som songarane skal øve inn. Stemmene er delt i sopran, alt og gutestemme. Dei er ikkje så mange i dag, så det blir få på kvar stemme. Etter at kvar stemme er øvd inn, prøver dei på å syngje refrenget saman. Det høyrerest – eh, ikkje vakkert. Elisabeth er tolmogig og let dei øve meir. «It had to break, I had to go, 'Cause it took me walking away to really know ...»

## Pause og fellesskap

– Er det ikkje pause snart? Nokon ser på klokka. Gry har stått på kjøkenet og laga til kioskvarer. Sofa og stolar fyllast opp, her er avslappa stemning, latter og moro. –Vi må få plass til alle, er det ei som seier og hentar fleire stolar.

Eg snik inn eit spørsmål:

– Er det musikken eller miljøet som er viktigast for dykk?

– Miljøet, kjem det frå fleire.

– Musikk er bra, men miljøet her er så ope og godt. Vi vil gjerne ha med fleire, berre møt opp på øving tysdagar kl. 19.00, det må du skrive!

## Ungt ansvar

Deciding, Førde tensing, vart starta i 1972. Då som no er mottoet «Kultur, kreativitet og Kristus».

Også slagordet «Ungt ansvar, vaksent nærvær», er det same i





Gry Sætre er vaksenkontakt.

# ungdomsmiljø

dag som ved oppstart. Ungdomane har sjølv ansvar for val av musikk, dei dirigerer og styrer, med vaksne i bakgrunnen. Det lagar òg videosnuttar og danseinnslag, og slik får dei prøvd seg på ulike felt.

Gry Sætre fortel at 14 – 16 ungdomar er med i Deciding no. Det har vore vanskeleg å rekruttere nye i koronatida. Likevel kom to nye denne dagen. Beate Heimlid Øiestad er ei av dei, og ho er òg ny i Førde. Ho kjem frå Stryn og har begynt på Øyrane vidaregåande skule. Ho fortel at ho blei invitert med av ei på skulen.

– Eg har vore med i Tensing i Stryn, fortel ho. Eg blei med fordi eg er interessert i musikk, men så blei miljøet viktig òg, seier ho.

– *Kva inntrykk har de fått ber no?*

Begge dei nye seier at dei har

fått eit godt inntrykk og vil vere med vidare.

Sindre-Thomas Aasen Farsund, Ailin Borlaug Eide, Elisabeth Umotoni og Emily Ljostveit er med i styret saman med fire andre. Dei fortel at dei har gått på Tensingseminar, eit kurs på landsplan. Der har dei lært teknikk, drama, dans, instrument, styrearbeid og mykje anna. Det er tydeleg at dei praktiserer det dei har lært.

– Korleis vel de ut songane? Elisabeth fortel at alle kan komme med forslag utifrå ei Spotify-liste. Så ser noteutvalet kva som passar til instrumenta og stemmene dei har, og at songen kan brukast til ei framføring. Dei er opne for all slags musikk, seier ho.

Pausen er over og det er tid for andakt. Kristin Pernille Husevåg har tatt plass mellom dei. Ho snakkar om kor viktig fellesska-



Musikk er bra, men miljøet betyr meir.



Band, lyd, dirigent, solist; det er mykje ein kan prøve seg på i Deciding.



Siste øving, dette blir bra!

pet er, om å ta vare på kvarandre og ha Jesus som forbilde. Alle lyttar.

## Øving gjer meister

Eg snik meg inn til bandet. Der er Johannes på plass med bass, og Håvard har meldt seg som solist. Sindre-Thomas tar fram gitaren. – Vi droppar introen! seier Sindre-Thomas. Håvard testar mikrofonen. Emily prøver ulike trommeslag og finn rytmen. Bass, gitar og keyboard

kjem inn på rette slaget. Smila kjem fram, ok, litt skurr, men dei får det til. Dei ropar inn songarane.

Det ligg ei forventning i lufta, her vil alle gjere sitt beste. Alt, sopran og gutestemmer får tonen. Muskarane er klare. Elisabeth dirigerer, dei finn rytmen, dei spelar og syng ut, smila blir til store glis!

Ein lang øvingskveld gav full utteljing, dette blir bra!

# Bokomtale: «Kunstverk i Førde kyrkje»



Kunstgruppa på tur. Frå venstre: Solrun Ullaland, Eva Marie Halvorsen, Ragnbild Schei Fauske, Maren Erland, Inga Marie Hadland, Bodil Myklebust og Kari Eikås. Framme: Karina Siegmund.

Kunstgruppa i Førde, ei undergruppe av Senioruniversitetet, har studert kunstskattane i Førde kyrkje. På nyåret gir dei ut ei vakker bok om kunsten i kyrkja.

Tekst: SOLRUNN ULLALAND

Etter to kunstvandringar i Førde kyrkje saman med diakonarbeidar Ingvar Vagstad og tekstilkunstnar Maren Erland i 2018 og 2019, merka vi i Kunstgruppa i Førde at vi gjerne ville komme desse spesielle kunstverka endå nærare. Kunstgruppa starta difor i 2019 eit arbeid med å lage eit hefte og/eller ei internettside med gode fotografi av kunstverka, slik at ein kunne verte betre kjend med dei.

Vi følte oss oppmuntra til dette arbeidet av sokneprest

Ingvald Andersen Frøyen og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad då vi snakka med dei i eit møte i november 2019.

No ligg ei bok med stive permar om kunstverka føre, og boka syner mange klåre og velkomponerte fotografi som Dagrun Reiakvam har teke. Fotograf Birger Lindstad sitt bilde av altertavla fekk vi tilsendt frå



Gintos Erle har laga lysgloben i Førde kyrkje. Foto: Dagrun Reiakvam.

rådgjevar Fredrik Eriksen, Riksantikvaren (RA). Det er også brukt i boka.

Det er nytta mange kjelder, men teksten i boka er utforma slik at ein kan lese rett igjenom utan å hente bakgrunnsstoff. Viss ein ønsker meir informasjon, finnes henvisningar til noter bak i boka der ein kan lese/søke etter meir.

Kunstverka har blitt omhandla i kvar sine avsnitt, og slik kunne vi unngå å sjå dei i samanheng, då dei er skapte i kvar si tid og er prega av det.

Kyrkjebygningen frå 1885 er høg og lys. Vi har henta informasjonen om utforming av nye kyrkjer i Norge på denne tida frå Fortidsminneforeiningen si årbok 2020. Frå rådgjevar Svein Braaten (RA) fekk vi informasjon om arbeidet med å tilpasse den nygotiske kyrkjebygningen i Førde slik at den let fargane i dei 400 år gamle kunstverka



Eit av motiva i råma på altertavla er gjetarane som tilbed Jesusbarnet. Foto: Dagrun Reiakvam.

komme fram og kunstverka kunne stråle.

Altertavla syner mange scener frå bibelen og bodberarar som står fram enkeltvis. Samstundes er sjølve råma i bruskarokk ein aktiv deltakar omkring formidling av budskapet. Nærbilda frå altertavla kan syne dette. Kunsthistorikar Terje Hauken gjev oss i boka eit bilde av handverksmiljøet der altertavla vart laga, medan prost Frøyen fortel om korleis det er 'å preike på lag med altertavla'.

Preikestolen er svært sentral i kyrkjer med teologi av luthersk ortodoksi. Dekorasjonen på preikestolen i Førde kyrkje kan minne om romansk kyrkje-kunst frå trondheimsmiljøet.

Epitafiene har vi lete få stor plass, for vi fann at dei fortalte mykje om menneska på 1600-talet og deira samtid. Menneska er så tydelig måla at dei synest å vere kjende. Dei portretterte fortel f.eks. om kvinneliv, barsel, død og morlause barneflokkar.

Tekstilkunstverket 'Kirkeåret': At eit teppe kunne oppføre seg som eit måleri med dei same bildemessige samtidstrendar som i målarkunsten,



Moses tek imot lovene, v veng på altartavla i Førde kyrkje. Foto: Dagrun Reiakvam

Senioruniversitetet  
i Førde

### Ny bok: "Kunstverk i Førde kyrkje"

Boka kan du kjøpe på Senioruniversitetets forelesingar, eller ting ho hos: [ragnhild.schei.fauske@enivest.net](mailto:ragnhild.schei.fauske@enivest.net) tlf. 992 53 424 eller [solulla@online.no](mailto:solulla@online.no) tlf. 992 99 650.

Facebook: Kari Eikås



Pga. forsinkning i bokbinderiet er boka ferdig til levering først i januar/februar 2022. Forventa pris er kr 390,-.

Styret i Kunstgruppa i Førde

var nytt på 1800-talet. Men tekstilkunstverk har med ein tilleggdimensjon, - tråden. Tråden varmer og vernar, og kan binde. Tekstilkunstverk synest difor å ha med seg noko kjent. I denne boka fortel kunstnaren sjølv korleis ho har laga teppe og om fargebruken. Kwart vevstykke har sin tittel. 'Presentasjon av Maren Erlands biltevev «KIRKEÅRET»' vil kunne nyttast som ilegg i boka.

'Anna inventar'-oversynet av tidlegare prost Sigurd Vengen er teke med i boka.

Det er sikkert mykje ein kunne tenke seg annleis, men vi håper boka gjev inspirasjon til å oppleve kunstverka sterkare og at dei vil skape refleksjonar, ikkje berre hos vaksne, men barn og ungdom også.



Grete Vinsrygg og Gudny Nummedal held styr på loddbokene.

## Triveleg laurdag med mykje folk!

Naustdal kyrkjelydshus har i mange år arrangert basar for å spe på inntektene. I 2020 var det, grunna koronapandemien, eit lotteri der både loddosal og trekking vart arrangert utan at folk kunne samlast.

Tekst og foto: JENNY Ø. SNILDAL

I år vart dato fastsett med håp om at ein kunne arrangere basar slik som tidlegare. Om ikkje, ville det bli ein variant med lotteri som i 2020.

Det gjekk ikkje lang tid før mange gevinstar, mykje av det fint handarbeid, var på plass og loddsalet kunne ta til. Samstundes kom det inn fine gevinstar, både store og små.

Samfunnet opna sake men sikkert opp igjen og dato for basaren nærma seg. Gleda var stor då meteren forsvann og det ikkje lenger var tal på kor mange som kunne møtst. Men uroa låg der, ville folk komme?



Basar er populært i Naustdal!

Var det redsel for smitte?

Basarnemnda med Magnhild Holmeset i spissen planla både kafé og åresal, i tillegg til at hovudlotteriet skulle trekkast. Endeleg i midten av oktober var dagen der. Og folk kom!

Det vart ganske så fullt i den store salen på kyrkjelydshuset. Smørbrød og kaker gjekk unna og det var livleg prat rundt borda. Folk gledde seg over å kunne møtast igjen.

Det vart selt rikeleg med lodd, både til åresal og hovudlotteri og det kom inn enda fleire gevinstar.

Oppteljinga når dagen var over viste eit fint resultat: kr 43 000,-.

Stor takk til alle som bidrog med gevinstar, kaker, tok lodd og elles hjalp til med praktiske oppgaver.

# Jubileumshelg i Vevring

Forrige nummer av Helg og Heim hadde to artiklar om Vevring kyrkje som er 175 år i år. Det vart ei flott jubileumsfeiring!

Tekst: JETVAR KALLAND, leiar for Naustdal sokneråd.

16. september 2021 var Vevring kyrkje 175 år. Soknerådet, i samarbeid med ein lokal komité frå soknerådet og kyrkjelyden, hadde planlagt ei markering av jubileet med konsertar, tur og festgudsteneste.

På sjølve jubileumsdagen for vigsling av kyrkja, 16. september, vart det arrangert ein konsert i kyrkja med lokale aktørar frå området. Erlend Os, Ingvild Sannes, Hogne Kirkebø, Bjarne Bergheim, Camilla Søvig, Lene Lofsnes og Maria Alesandra Amoro Aarseth gledde dei opp mot 50 framømte med mykje fin song og musikk.

Soknet sine grenser vart endra ved kommunereguleringa i 1964. Sørsida av Førde-fjorden vart lagt til Askvoll, og Steindalen til Flora kommune. At det tidlegare var eit større område med andre utfordringar for å kome til kyrkje, vart laurdag 18. markert med ein fottur frå Steindalen til Vevring. 48 deltakarar fekk ein flott tur på laurdag føremiddag. Soknerådet vil rette ei takk til Vevring helselag som betalte for bussen frå Vevring til Steindalen.

Laurdag ettermiddag var det konsert med Sunnmøre kristelege mannskor i kyrkja. Det var svært kjekt at vi igjen fekk



Vakker musikk i ei vakker kyrkje. Ragnbild Sannes og Erlend Os spelar. Foto: Arne Kleiva

høve til å kunne lytte til fin korsong frå eit kor som mange kunne kjenne att frå «Ønskekonserten» på 60 og 70-talet. Opp mot 60 tilhøyrarar kunne lytte til kjende salmar med ein klår bodskap. Det var og framføring av dikt av Sigmund Aksnes, som med si lokale tilknytning til Gryta og Vevring, har æra for at denne konserten kunne finne stad.

Søndag 19. september var det jubileumsgudsteneste. I samband med gudstenesta vart det både markert jubileum for 50- og 51-års konfirmantar, og presentasjon av dei nye konfirmantane i Vevring i 2022. Slik kan ein seie at ein markerte, kyrkja sin ståstad

som møteplass for gamle og unge gjennom fleire hundre år. Det var også eit poeng i preika til sokneprest Rigmor Frøyen å knytte det som var, til det som er og til det som skal kome. Ingvild Sandnes og Erlend Os gledde oss med musikk til gudstenesta.

Jubileet vart avslutta med kyrkjekaffi på Vevring skule, der korona-reglementet nok vart tøyd til sitt ytterste. Ei flott avslutting av jubileet, med kaffi og kaker frå kyrkjelydsmedlemmene, og hyggeleg prat rundt borda. Leiar i soknerådet gav eit kort resymé av historia til kyrkja frå dei første planane til slik ho står i dag. Sokneprest Rigmor Frøyen avslutta med takk for samlinga før

## Konfirmantjubileum i Holsen og Haukedalen

Søndag 17. oktober 2021 var det konfirmantjubileum for 50- og 51-årskonfirmantar i Holsen og Haukedalen. Først var det gudsteneste i Holsen kyrkje der det også var pynta til hausttakkefest. Etterpå var jublantane samla til middag, kaffi og kake på Fjellstova på Rørvikfjellet. Det vart ei kjekk samling med prat, mimring, song og quiz.

Invitasjonane var sendt ut medan det framleis var koronarestriksjonar i landet og av den grunn vart ikkje eldre jubilarar invitert denne gongen.

Holsen og Haukedalen sokneråd



Jubilarar i finveret ved Holsen kyrkje: 51-årsjubilarar: Aslaug Holsen Myklebust og Astrid Holsen Skaflestad. 50-årsjubilarar: Dagfinn Heimestøl, Signe Nydal og Else Sæterdal. Foto: Harald Heimestøl



50- og 51-års konfirmantar i Vevring: Framme frå venstre: Aslaug Thingnes Bø, Solveig Skjærli Sørbotten, Aud Hanna Standal Skagestad. Andre rekke: Dagrun Thingnes, Jofrid Laura Standal Hagen, Ingrid Tyvold, Anders Tyvold. Bak: Sokneprest Rigmor Frøyen, Asle Knut Årseth, Helge Underlid, Bjørg Tefre Undertun. Foto: Odd Byrkjeflot.

vi song ein salme, skriven til 150-års jubileet av dåverande prost i Sunnfjord, Sigurd Vengen. Det kan høve å ta med siste verset av denne salmen:

*Ditt bus er eit rom,  
ein stad for å prise din nåde og dom.  
Den evige himmelsong lærer vi her  
når Anden får vise kven Frelseren er.  
Vi takkar deg, Herre, for håpet vi har  
/: at du er vår Far! :/*

Soknerådet vil takke dei som kom på arrangementa, og ikkje minst alle dei som bidrog til ei vellukka jubileumsfeiring.



Aktorar på jubileumskonsert i Vevring kyrkje, frå venstre: Ragnbild Sannes, Camilla Søvig, Lene Lofsnes, Bjarne Bergheim, Erlend Os, Maria Alesandra Amoro Aarseth og Hogne Kirkebø. Foto: Arne Kleiva

## Konfirmantjubiläum i Naustdal

50-årskonfirmantar – 71- kullet




Framme frå venstre: Eva Fitje Holme, Synneva Fimland Trettenes, Reidun Naustdal, sokneprest Rigmor Frøyen, Jarle Reiakvam, Magni Solheim Espeland, Torill Langedal Ringstad. I midten: Synnøva Løken, Anne Marie Vallestad, Eilin Åse Joleik, Marit Bergem Apeland, Odd Ivar Kalland, Normund Svoen, Olaus Jonstad. Bakre rekke: Kjell Ove Årdal, Anne Karin Naustdal Hogelid, Kristi Anne Stendal Losne, Sigbjørn Aase, Petter Fimland. Foto: Odd Byrkjeflot

### Jubilantar konfirmert i 1970



Framme frå venstre: Rolf Arne Stubaug, Einride Normann Horstad, sokneprest Rigmor Frøyen, Bertel Olav Fitje, Arne Arnfinn Haugland. Bak frå venstre, Hallvar Einevoll, Ansgar Hove, Arild Vonen, Asle Olav Hunskaar. Foto: Odd Byrkjeflot



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

## STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

### Spiren

Babysong på **Naustdal kyrkjelydshus**. Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre. Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har gode matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe i tillegg.

**Kl. 10.30 til 12.30. Program frå 11.00 – ca. kl. 11.30** Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

Datoar etter jul vert kunnngjort på kyrkja si heimeside og på face-book.

### Lys Vaken:

**4. desember kl. 18.00 i Naustdal kyrkje:** Adventskveld for 11-åringar.

Invitasjon kjem i posten.



### Småbarnssong

Born i alderen 3-5 år er velkomne til to samlingar der vi syng songar med rørsle og leik. Vi avsluttar med **Syng i lag-gudsteneste 27. februar kl. 16.00**. Datoar for samlingane vert kunnngjort på kyrkja si heimeside og på face-book.

### Tårnagent

**16. og 17. januar** får 8-åringane lov å utforske kyrkja. Kva gøymer seg under kyrkjegolv, og kva finnast oppe i tårnet?

Invitasjon kjem i posten.

Trusopplæring i Førde sokn:

### 0 – 1 år: Spiren/Babysong

**Kvar onsdag kl. 11.00 i 2.etg. på Førde Kyrkjetun.** Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

### 1, 2 og 3 år: Krøllesamling

Eit nytt tilbod for barna på 1, 2 og 3 år i Førde Sokn. Vi skal bruke songar frå Spiren og legge til fleire songar med rørsle.

Krølle er ein namnet på sauen som gjekk seg bort i forteljing frå Bibelen. På slutten av samlinga vil barna få høyre denne forteljinga. Om de har ein sau/lam som kosedyr heime, er det fint om de tek det med. Det er viktig at du som føreset er med barnet på denne samlinga.

**Førde Kyrkjetun 2.etg kl. 17.15 – 17.45. Datoar:**

• 13. januar og 3. mars for barn mellom 1 og 2 1/2 år.



• 10. februar og 24. mars for barn mellom 2 1/2 og 4 år.

### 4-årsbok – 6. mars

For dei som fyller 4 år mellom 1. januar og 30. juni i 2022. Det vert sendt ut invitasjon i posten. Påmelding på nettsida: <https://minkirkeside.no/sunnfjord> (påmeldingslink vert lagt ut i slutten av april).

### 5 og 6 år: Teater i mars eller april

«Kirkerottene» – teater for barn som fyller 5 og 6 år. Billetter vert selt ved inngangen.

*Grau minne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstattelig arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380

## 10 – 13 år «Ope hus»

Ope hus er ei uformell samling første fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00 på **Førde kyrkjetun**. For alle mellom 10-13 år. Dei neste samlingane blir:

- 7. januar
- 4. februar

## Julespel for barnehagar

Julespel er tradisjon for barnehagebarna, og i år blir julespel laga til både i Førde kyrkje og Holsen kyrkje. Barnehagane får invitasjon og melder seg på.

## KORSKULEN I FØRDE KYRKJE

Korskulen har fire kor, og alle over i Førde kyrkje kvar tysdag:

- Knøttekor (ca. 3,5 år til ca. 5 år) - kl. 17.00 – 17.40
- Aspirantkor (ca. 5,5 år – 2. klasse) – kl. 17.50 – 18.40
- Jentekor (3. klasse og oppover) – kl. 18.50 – 19.50
- Ungdomskor (frå 7. klasse og oppover) – kl. 20.00 – 21.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester: Knøttekoret Kr. 150, Aspirant og Jentekoret kr. 200.



Desse kan barna møte på julespel i kyrkja. Og kanskje tar nokre av dei ei runde i byen i adventstida..

## DECIDING – Førde Ten Sing

Vi møtes i ungdomslokalet på **Førde Kyrkjetun kvar tysdag kl. 19.00.**

Deciding har medlemmer frå 14 år og oppover. Koret treng både songarar, muskarar og ungdom som er interessert i

drama, dans og media. Vi legg opp til lek, moro, turar og konsertar/framføring, der målsetjinga er å skape eit trygt og uformelt ungdomsmiljø, leia av ungdom, men med ein eller fleire vaksne til stades.

Deciding vil gjerne ha fleire medlemmer, så likar du lek og

leven, song og musikk, så kom å bli med!

**Deciding skal synge på Atle Pettersen sin julekonsert i Førde kyrkje «Tusen Julelys» måndag 6. desember kl. 18.00!**



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)



**ARKI**  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL



**Velkomen til oss!**

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

## AKTUELT I KYRKJELYDANE

### 10-kaffi

Etter ei tid med nedstenging satsar vi på at vi kan starte oppatt 10-kaffien.

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå **kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.**

10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.



Illustrasjonsbilde.

### Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i **Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00.** Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!



### Kyrkja i byen

**Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00**

sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

Bilde hvis plass

### Sorggruppe

– ein stad der du kan dele tankar og erfaringar med andre i same situasjon.

Det er tilbod om sorggrupper to gonger årleg under føresetnad av nok påmelde. Ei sorggruppe består vanlegvis av 4–8 personar som møtast seks gonger. Sorggruppa vil verte leia av fagpersonar. Gruppesamlingane vil vere **kvar andre veke kl. 18.30 –20.00 på Lærings- og meistringsenteret, Førde Sentralsjukehus.**


Ta kontakt med kyrkjekontoret for meir informasjon.

Arrangør: Helse Førde, kyrkjene i Sunnfjord kommune og Sunnfjord kommune.

**Søndag 28.11 kl. 19.00**

### Adventsmøte på Førde bedehus

Første søndag i advent er det adventsmøte på Førde bedehus. Talar er sokneprest Ingvald Frøyen, og Førde kyrkjekor deltek.



## Mariahelg på Alværa misjonscenter i Lavik

4.-6. mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar.

På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Sidan det ikkje vart noko av den planlagte Mariahelga i 2021, køyrer vi same tema som var planlagt i fjor; «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Har du spørsmål om helga og programmet, ta kontakt med Hanne Bildøy tlf. 996 10 528, epost [hanne@bildøys.no](mailto:hanne@bildøys.no).

# RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
TRYKK



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

☎ 57 72 41 40  
[dampbakeriet.no](http://dampbakeriet.no)



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

**BELLIS**  
BLOMSTER

Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde



# Konsertar i advent

## FØRDE KYRKJE:

**Måndag 29. november kl. 21.00:**

«Stille natt Hellige natt» – Alexander Rybak, Ingrid Berg Mehus, Hans Marius Hoff Mittet, Maria Haukaas Mittet og Rune Larsen.

**Laurdag 4. desember:**

«VÅR JUL» – Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen, Christian Ingebrigtsen og Tine Thing Helseth.

**Måndag 6. desember kl. 18.00:**

«Tusen julelys» Atle Pettersen og Deciding

**Onsdag 8. desember:**

Julekonsert med Førde Kyrkjekor.

**Laurdag 11. desember kl. 19.30:**

«Lys til nattsvart jord» Stardalen mannskor med Tomm Kristiansen, «stemma frå Afrika».

**Søndag 12. desember kl. 18.00:**

Kyrkjelyden sin eigen julekonsert.

**Måndag 13. desember kl. 07.00:**

Luciakonsert med Korskulen i Førde.

**Torsdag 16. desember kl. 18.00:**

Julekonsert med Førde Kulturskule.



Naustdal barnekor skal ha julekonsert i Naustdal kyrkje i desember. Foto: Jenny Snildal.

**22. desember kl. 20.00:**

Julegospel. Variert program, appell og kollekt.

## NAUSTDAL KYRKJE:

**Laurdag 27. november kl. 17.00:**

Händels Messias – Førde kammerkor.

Kammerkoret skal ha same konsert på Vassenden kyrkjesenter søndag 28. desember kl. 17.00

**Søndag 5. desember kl. 19.30:**

Konsert med Kvinnekoret Kvitre

**Tysdag 7. desember kl. 18.00:**

Julekonsert med Julesong, med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale frå Sogndal.

**Onsdag 15. desember kl. 18.00:**


Julekonsert. Naustdal barnekor m. fleire.

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL

**PROTOLAB VEST**

**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE  
**Førde Fargehandel %**  
TLF. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

**trendy**  
FRISØR  
DROP-IN  
TIMEBESTILLING  
ALTI Førde (Handelshuset)  
Tlf. 57 82 00 65



**Din nye bustad finn du hos oss!**

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!  
Du finn oss på Halbrendøyra i Førde.

[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00

**HELLVIK HUS**

**Gravdalgruppa**  
Førde - Bergen

# GUDSTENESTER

Julaftan er det i år lagt inn fleire korte familiegudstener. Desse varer omlag 30 minutt, og passar godt for dei minste. 1. juledag er det høgtidsmesse i kyrkjene, med vekt på julebodskap, julesalmar og musikkinnslag. Då er det gjerne litt betre plass i benkeradene enn på julaftan.

**Ver merksam på at det kan bli endringar i gudstenerelista.**

**Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjekontoret.**

## 1. SØNDAG I ADVENT 28. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudstenereste.  
Speidarane er med.  
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Lysmesse.  
Konfirmantane deltek.

## TORS DAG 2. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 5. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Holsen kyrkje kl. 11.00 Lysmesse  
Utdeling av bok til 4- og 5- åringar og til 5-klassingar.  
Haukedalen kyrkje kl. 14.00 Lysmesse  
Utdeling av bok til 4- og 5- åringar og til 5-klassingar.  
Vevring kyrkje kl. 16.00 Lysmesse.  
Konfirmantane deltek.  
Førde kyrkje kl. 18.00 Lysmesse

## SØNDAG 12. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste

## SØNDAG 19. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste

## 24. DESEMBER JULAFTAN

Førde kyrkje kl. 12.00 Familiegudstenereste  
Førde kyrkje kl. 14.00 Julegudstenereste  
Førde kyrkje kl. 16.00 Julegudstenereste  
Haukedalen kyrkje kl. 12.00 Julegudstenereste  
Holsen kyrkje kl. 14.00 Julegudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 12.30 Familiegudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 16.00 Familiegudstenereste  
Vevring kyrkje kl. 14.00 Familiegudstenereste

## 25. DESEMBER 1. JULEDAG

Førde kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudstenereste

## Søndag 2. JANUAR

### KRISTI OPENBERRINGS DAG

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste

## SØNDAG 9. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Takke- og minnegudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Minnegudstenereste

## SØNDAG 16. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Familiegudstenereste med Tårnagentar.

## TORS DAG 20. JANUAR

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 23. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Minnegudstenereste

## SØNDAG 30. JANUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Holsen kyrkje kl. 11.00 Minnegudstenereste

## SØNDAG 6. FEBRUAR

Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudstenereste  
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudstenereste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Temagudstenereste  
Misjon. Konfirmantar deltek.



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmøledagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)



Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05

[astrid.blomster@interflora.no](mailto:astrid.blomster@interflora.no)



- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / [foto@reikvam.no](mailto:foto@reikvam.no)  
reikvam.no

Gode tilbod på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

[www.bruffis.no](http://www.bruffis.no) tlf. 90 61 96 54

ALT I ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport

**INTERSPORT**

Førde

**SØNDAG 13. FEBRUAR****SÅMANNSSUNDAGEN**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Ung messe.  
Deciding deltek.  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

**TORS DAG 17. FEBRUAR**

- Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

**SØNDAG 20. FEBRUAR****KRISTI FORKLÅRINGS DAG**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

**SØNDAG 27. FEBRUAR****FASTELAVNSSUNDAG**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåps gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 16.00 Syng ilag-  
gudsteneste

**ASKEONSDAG 2. MARS**

- Førde kyrkje kl. 19.00 Skriftemålgudste-  
neste

**SØNDAG 6. MARS**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Familiegudsteneste.  
4-års samling.  
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.  
Utdeling av bok til 6- og 7-åringar.  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 14.00 Syng ilag gudste-  
neste  
– måltid kl. 13.00

**SØNDAG 13. MARS**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.  
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåps gudsteneste

**SØNDAG 20. MARS**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.  
Kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta.

**TORS DAG 24. MARS**

- Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

**SØNDAG 27. MARS****MARIA BODSKAPSDAG**

- Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.  
Korkulen deltek.  
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.

**VIGDE****NAUSTDAL KYRKJE**

- 14.08 Anne-Marthe Klopstad  
og Tore Klopstad  
21.08 Anett Horstad og Håvard Berge  
02.10 Helene Heimtun og Olav Tore Holme

**GRAVFERD****FØRDE KYRKJE**

- 17.08 Erling Mogen f. 1937  
19.08 Olina Andrina Hjellbrekke f. 1929  
20.08 Aud Anny Kvamme f. 1952  
07.09 Astrid Maria Bruket f. 1943  
16.09 Marta Grytås Olsen f. 1946  
24.09 Ivar Hafstad f. 1940  
14.10 Alfred Johan Akse f. 1935  
15.10 Inger-Johanne Tisthamar Strøm f. 1954

**HOLSEN KYRKJE**

- 21.09 Alf Kjartan Holsen f. 1959  
14.10 Asbjørg Husetuft f. 1927

**NAUSTDAL KYRKJE**

- 23.07 Arne Solheim f. 1958  
01.10 Norunn Stuhaug f. 1925  
05.10 Aud Reidun Øvrebø f. 1939

**VEVRING KYRKJE**

- 21.10 Hjørdis Solveig Wefring f. 1927

**Frivillig i kyrkja?**

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjestyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

**Kontakt kyrkjekontora.**

**DØYPT****FØRDE KYRKJE:**

15. AUGUST  
Sanna Blom  
Mathea Viken Haug  
Even Hjelmeland  
Liam Lerheim Wiik

**12. SEPTEMBER**

- Saga Eithun-Farestveit  
Ludvik Tefre Fossen  
Nora Håvik Fureli  
Eva Nes Nyhammer  
Storm Sivertsen

**10. OKTOBER**

- Vilma Bakketun-Nesbakk  
Rakel Mølmesdal Bødal  
Vega Skarstein Einen  
Hedda Hauståker Flatjord  
Vetle Hafstad Bratten  
Emil Melheim Ness  
Sofie Brede Solvåg  
Mathias Hauge Vie

**24. OKTOBER**

- Emilie Caviezel Dvergsdal  
Kevin Einen  
Sofie Holsen  
Isak Brede Nøstdal  
Aksel Kyte Stokka

**NAUSTDAL KYRKJE:**

22. AUGUST  
Eva Rysjedal-Vonen  
Iver Marelius Hove  
Selma Reiakvam Birkeland

**5. SEPTEMBER**

- Jardar Hove Bergset

**26. SEPTEMBER**


- Ruben Leknes Kalland  
Louie Hagenes Kromvoll  
Leonel Nygard Ljungberg  
Theon Nygard Ljungberg

**10. OKTOBER**

- Severin Sæther Gjervik

**23. OKTOBER**

- Sander Hovden Rebnord  
Jonathan Lokøy Semshaug



## Returadresse

Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

## *Ei stille natt*

Ei stille natt,  
så mørk og lang,  
vart himmellyset tent.  
Ein engleskare song  
for skremde hyrdingar.

Ei stille natt  
i Betlehem  
eit lite barn vart fødd.

Ein stall så trang  
ga rom for himlens Gud.  
Ved krubba knelte gjetarar,  
i undring tilba barnet.

To tusen år har gått.  
Stans opp og sjå:  
Gud har tent lys  
på himmelen i kveld!

Enda ein gong  
syng englar  
Jesusbarnet inn  
i alle opne sinn!

*Inger Margrete Bodal*

